



Helge Iberg er samtidskomponisten som forfektar det usamtidige og komponerer mot tidsånda.

Samtidsdissonans

PORTRETTE

Av Guri Kulås (tekst) og Tom Henning Bratlie (foto)

Hjørnet av Kristian Augusts gate og Universitetsgata i Oslo. Utsyn mot Gyldendal, Universitetet, Nasjonalgalleriet. Fleire forlagsredaktører og ein kulturbyråkrat hastar rakryggja forbi. Trikken til og trikken frå Rikshospitalet skramlar forbi kvarandre. Vestgåande vogn er innpakka i ein heildekkjande reklame for varemagasinet Steen&Strøm: «Kunsten å kle seg». Austgåande vogn har ei like prangande lysing for filmen «De gales hus». Der ser eg Ole Iberg kryssar gata, rekk eg å tenkja kor rett det kjennest å møte han nett

her. Komponisten og essayisten som med vitande og vilje er utidsmessig og kritiserer «tidsånda» – og den eliten som forvaltar ho. «Pga. kulturelitens språkbevissthet og følsomhet overfor trend og mote, skapes det optimale livsbetingelser for mytedannelser og dogmatikk. I sin iver etter å skaffe seg anerkjennelse og status er den innvevd i et evig samspill med tidsåndens skiftende paroler,» skreiv han i Aftenposten for ei tid sidan.

Som mange andre refsarar er *mannen* Helge Iberg både mild og smålåten. Han fyller talen sin med ei rad atterhald og modererande presiseringsringar. Han er jamvel litt redd for både journalistar og fotografar, må han vedgå.

– Slik er det å vera nevrotilkar.

Takk og lov, noterer eg i marginen. Kan ein lita på nokon som ikkje er nevrotilkarar i dag?

Helge Iberg er mellom dei få som er velsigna og forbanna – alt ettersom – med eit særeige musikalsk talent.

– Barnelegen min oppdaga då eg var 16 månader, før eg kunne snakka, at eg song reint.

Tidlegare studiekamerat litteraturprofessor Per Thomas Andersen har ei ubetaleleg historie som illustrerer Ibergs musikalitet: «Jeg husker en time fra lærer Øyvind Eckhoffs

«Vi treng brubygging mellom dei mest trendy og dei akterutsegla gamle»

musikkhistoriekurs. Han hadde nettopp gjennomgått sonatesatsformens ulike bestanddeler og oppbygging med eksemplar fra Haydns, Mozarts og Beethovens verker. Så i pausen satte Helge seg til flygelet og improviserte en fullkomment gjennomført sonatesats basert på Beatles-

låten «Obladi-oblada». Melodistemen ble ledsaget av en wienerklassisk albortibass. Så fulgte satsdelene pent etter hverandre, slik Eckhoff hadde lært oss: eksposisjon med hovedtema og sidetema i varianttonearten, gjennomføringsdel med modulasjoner og improvisatoriske bearbejdelser av motivene, til slutt reprise.»

Skeptikaren Helge Iberg har eit absolutt i livet og det er gehøret. Han var eit «ved-underbarn» som vekte interesse langt utover fødebyen Skien. Skal vi tru komponistkollega Frank Nordenstam, er Ibergs musikalske intuisjon og

formsans framleis doggfrisk og ubesudla av akademisk intellektualisme. Men i ungdommen, då den forventa konsertpianistkarrieren skulle byggjast, byrja høgrehanda til Helge å fuska. Det vart vondt å spela. – «Det er sannsynlegvis hysterisk», sa legane. Dei meinte eg *ville* for

«Eg er kanskje ein slags populist i den forstand at eg meiner det finst mykje forstand i folkedjupet»



HELGE ROALD IBERG

mykje når eg sette meg til pianoet. Eg trudde aldri på dette, sidan det berre var høgresida av kroppen som var råka. Eg var faktisk nesten tretti år før det gjekk opp for legane at dette var eit fysikalsk, nevrologisk fenomen.

Helge Iberg reiste seg frå piano-krakken og legebenken og gav seg idéhistoria i vald. Resultatet av studia er tydeleg til stades i originalt formulerte kulturkritiske kronikkar i Aftenposten, Morgenbladet og ulike musikarpublikasjonar. Han er opplagt ikkje framstegsoptimist, men meir enn ein forfallsprofet er han ein talsmann for mindretalet. Ein som hevdar at når eit kulturelt straumdrag blir dominerande, slår det snart over i sin motsats: *Teknologien* har produsert velstand og fridd oss frå slitet, men trugar med å utsletta oss i kjernefysisk ragnarok eller klimakollaps. Opplysinga har gjeve oss kunnskap og friedom, men «traumatisert» idéen om det gode, umyndiggjort autoritetane og oppløyst meininga. *Ytringsfridomen*

til å snakka mot makta har også opna for medieindustrien – «den overlegent største forvirrings- og nedgangspoduseren i vår vestlege historie». I det heile er den vestlege moderniteten ein overmogen sivilisasjon, hevdar Helge Iberg. Den gjev han «Smaken av mørnet tid». Det var tittelen på essaysamlinga som kom på nyåret.

Fødd i 1954 står Helge Iberg i ein slags mellomgenerasjon. Han høyrer korkje heime i noko kollektiv frå 1968 eller blant alle dei identiske «antikollektive» 68ar-barna. Oppveksten med to svært ulike foreldre var kanskje like viktig for tvisynet.

– Eg har alltid vore i ein mellomposisjon. Eg voks opp midt i grenlandsk tungindustri, men utan nokon arbeidarklasseidentitet. Før var funksjonær. Han var også fritenkjar og liberal sosialist, medan mor var Jehovas vitne. Tidleg måtte eg læra å «tenke sjæl» og ta stilling til grunnspørsmål. Gjennom foreldra mine

Alder: 54 år

Sivilstatus: Sambuar, eitt barn

Yrke: Komponist, pianist og forfattar

Bakgrunn: Utdanna frå musikkhøgskulen, idéhistorie frå Blindern. Har skrivne ei rad ulike tingingsverk for orkester og solistar. Musikalsk ansvarleg for ulike NRK-program.

Aktuell: Konsert om fundamentalisme og forsoning.

fekk eg ein sterk tilskuv til å finna ut kor eg sjølv stod i høve til kulturen omkring meg. Ein kan seia at essaysamlinga mi også er eit slikt oppklaringsprosjekt.

Oppveksten har ikkje berre gjort Helge Iberg tvers gjennom skeptisk. På grunn av motsetnaden mellom livssyna til foreldra har han seinare møtt alle synspunkt med respekt, jamvel fundamentalismen, som «rangerer lågast på rangstigen i dag», som han sjølv seier.

Alt på skulen gjekk Helge sine

eigne vegar. Då EF-striden var på sitt heitaste i 1972, gjekk alle medvitne skuleungdommar med jakkemerke som kravde «Stem Ja» eller «Stem Nei». Iberg laga sitt eige merke: «Stem deres piano!» Motstanden mot tidsånd-tukta har halde seg. Den vaksne Helge Iberg har kjent ein viss sympati for andre som oppe har utfordra samtidas moral og dygder, slike som Odd Nerdrum, Børre Knudsen og Carl I. Hagen. Så lenge dei ikkje har fått gjennomslag.

– Eg mislikte den massive trakasseringa av Hagen som person, berre fordi han utfordra den rette trua. I årevis heldt han ut rotne egg, karikaturteikningar og spit. Og det har betalt seg. Det er ikkje populistisk politikk, men motstanden mot etablisementet som har skapt Framstegspartiet. No har det kome ei slags intellektuell forståing av denne mekanismen med Magnus Marsdals «Frpkoden», men dette

Fortsetter på neste side



Fortsettelse fra forrige side

forstod vanlege, fornuftige folk for tjuе år sidan. – Eg er kanskje ein slags populist i den forstand at eg meiner det finst mykje forstand i folkedjupet. Det er mykje korreksjon å henta der, fordi folk der ikkje er formaterte på same vis som urbane, rettenkjande menneske er det.

Det som driv samfunnskritikaren Iberg, er irritasjon over alt det som *ikkje* blir sagt. Eller over den «konfirmasjonen» han meiner pregar akademiske intellektuelle. Han har inga tru på at kunstnarar skulle ha noko meir fornuftig å seia om samfunnet enn andre. Han ser ikkje poenget med at «kunstnarane må på banen». Likevel vil han gjerne sjølv vera der. Kvifor ikkje då i politikken, der avgjerder blir tatt?

«Å kjenna at eit stort publikum er med deg, er rein magi»

– Politikken har eg ikkje så stor sans for. Den er pragmatisk, med lite refleksjon og lite ærlegdom. Eg har også stilt meg litt på sidelina med å fokusera på dei lange utviklingslinene. Ved å sjå på «kulturturnering», korleis den evolusjonære tilpassings- evna viser seg i flokkinstinktet og fører til overtramp mot einskildindividet. Dette handlar ikkje om liberalisme kontra solidaritet, men om at naturen er slik. Eg er tilbøyeleg til å tru at vi på dette planet i nokon mon er statistar i spelet, men det tyder ikkje at eg ikkje trur på fridom. Fridomen er mirakuløs på eit vis. Den er det totale andre. Ånd er å motar-

beida dei sjølvviske gena. Å motarbeida naturen.

– Dei fleste er fatalistiske andsynes utviklinga. Eg har arbeidd mykje i NRK, og eg minnest mange tidlege diskusjonar om kommersialisme og forflating. Responsen var ofte av typen «Helge, du har heilt rett, men dette kan ikkje vi styra.» Eg skulle ønska vi trudde meir på fridomen vår og hadde meir mot til å endra samfunnet, men slik vil det aldri bli, er eg redd. Eg trur ikkje på framstegsvisjonar, men på små fram- og tilbakeleg.

For Helge Iberg er fridom noko langt anna enn liberalisme.

– Fridom er noko substansielt og eksistensielt. Det handlar om medvite å ta kontroll over sitt eige liv, å få ansvar for eigne handlingar. Liberalisme er å sleppa fram det som møter minst motstand. Det fører oftast til eit einfald. Media er det opplagte dømet.

Men den store og den vesle kulturen følgjest åt. Ein kan sjå ein parallell i improvisasjonsmusikken. Stilt overfor total fridom har uttrykksspekteret ein tendens til å snøre seg inn til det uinteressante. Det ypparste uttrykket

for fri improvisasjon er ein slags gutturale strupeulydar. Det er regresivt og stivna, nesten kataleptisk, seier Iberg.

Han bryt med sitt elles diskre kroppsspråk og gjev ein demonstrasjon som får minna om fleire hippe jazzkonserter til å strøyma på.

Iberg slepper armene ned, løyser opp tvangstrøya kring seg sjølv og går over til å snakka varmt om Igor Stravinskij. Ein komponist som er kjent for sitt uttrykksmangfald.

– Dess strammare rammer, dess større fridom, meinte Stravinskij. Då må du ta tak i det substansielle.

Det substansielle er kanskje eit

EGENMELDING

Siste kulturoppleving: Eigen konsertkveld med Kringkastingsorkesteret 11. september.

Politisk einskildsak: Farleg einsretting i mediadekkinga av Midtaustenkonflikten (stimulerer israelsk desperasjon og legitimerer nytt jødehat).

Førebilete: Dalai Lama og andre store humanistar.

Trur på: Ein kerne av ubestikkelighet i personlegdommen.

Les dagleg: Aftenposten ++

Ditt lydspor: Sofia Gubaidulina's nye fiolinkonsert, flott!

Det verste du veit: Rosiner, «God kveld Norge», fotballtrenarar i historisk presens.

Største misoppfatning om deg: At eg er høg og mørk og 23 år.

stikkord for sambandet mellom komponisten og essayisten? Dei musikalske verkittlane er både ordspel, kommentarar og invitasjonar til å leita etter mening. «Det ondes problem etc. – et sosialdarwinistisk gesimskunstverk» «(e) X (nihilo)», «er vi ikke alle krigere i vårt eget liv?: A soldier's tale for symphony orchestra» eller «ReHumaniZing», som er tittelen på det siste albumet til Iberg.

– Med titlane freistar eg å nå fram til publikum, å gje dei ein inngang til musikken. Den modernistiske musikken fjerna seg ikkje berre frå publikum, som opplever musikk emosjonelt, men frå heile det menneskelege livsregisteret. Typisk for modernistiske verk er «vitskaplege» titlar som «Transformations» eller «Intertwined Substances». Mange er nok usamde, men eg meiner modernismen i sitt strev med å visa det ekstreme og med å reinsa kunsten frå dei emosjonelle impulsane, er meir eit estetisk enn eit musikalsk prosjekt.

Eg meiner det ikkje er råd å skilja den «absolutte musikken» frå andre livsverder. Difor har eg også nesten demonstrativt nytta omgrepet «livserotisk» om min musikk.

Heller ikkje musikalsk er Helge Iberg støyp i den dominerande forma. Han har skriva vokalmusikk og symfoniske verk og tonesett dikt på ein nyskapande måte. Dei moderne klangane hans, ofte kombinert med viser, jazz og nytolka standardlåtar, har appellert til mange musikkarar. Iberg har skriva tingsverk for fleire symfoniorkester og til nokre av våre fremste solistar, som songaren Per Vollestad, trompetaren Ole Edvard Antonsen og no sist fiolinisten Terje Tønnesen. Han har mellom anna gjeve ut eit album med Vollestad og Odd Børretzen, og eit med Anne Lise Berntsen og Bendik Hofseth. Berre for å nemna noko av spennet. Torsdag 11. september heldt Helge Iberg ein stor konsert med Kringkastingsorkesteret: «Konflikt og forsoning – en bipolar konsertopplevelse med komponisten, humoristen og tenkeren Helge Iberg». Konserten samanfatta mykje av det han har arbeidd med som komponist.

Helge Iberg blir straks meir oppstemt når vi kjem inn på temaet konsert. Møtet med eit levande publikum.

– No må vi ikkje gløyma at verda er full av positive og konstruktive menneske, minner han om, det er ikkje alle som trur at eg ser det.

Samvær med publikum i konsertsalen er noko av det som gjer Helge Iberg optimistisk.

– Å kjenna at eit stort publikum er med deg, er rein magi. Eg meiner det ikkje er snakk om rein egodyrking. Ein opplever snarare at ein er del av ein heilskap, eit slags buddhistisk fellesskap. Den krafta som kjem tilbake frå salen, er enorm. Når det skjer noko ekstraordinært på scenen, forstår publikum det, utan å vera musikkutdanna.

For ein lekperson kan det verka som om Iberg legg stor vekt på klårleik i musikken sin, i motsetnad til mykje modernistisk musikk, som ofte er kaotisk.

– Eg meiner det er viktig å vera tydeleg. Å gje grei melding om kva ein vil. Den postmoderne estetikken seier at vi ikkje skal noko stadig, at det alltid er samanhengen som gjev verket mening, men eg føler at eg skal ein stad med musikken min og at verket helst bør gje samanhengen mening.

Helge Iberg er ikkje nådig mot dei kollegaene som slår seg til ro i elfenbeinstårna sine og lét marknaden rå grunnen utanfor. «Det globale markeds- og kulturbarbariet får fritt leide så lenge kunstprofesjonene aksepterer eller ser seg tjent med en eksklusiv og isolert posisjon».

Denne revirtenkinga er noko av årsaka til at samtidsmusikaren Iberg er så imot omgrepet samtidsmusikk.

– Samtidskunst er jo eigentleg heilt utanfor samtida. Det hjelper ikkje stort å strekka seg etter tidsånda med konsept som «classics goes punk» og liknande. Ein må by på det ein har i sanning, elles blir ein straks avslørt. Det vi treng i dag, er ikkje å appellera til ungdommen, men til noko allmennmenneskeleg. Vi treng brubygging mellom dei mest trendy og dei akterutsegla gamle.

Publikum har gjeve ny inspirasjon. Helge Iberg trassar fysiologien og set seg til pianoet att for å spela inn eit album med standardlåtar saman med songaren Elin Rosseland. I Bergsk kontrapunktisk versjon, naturlegvis. «Standards and Vanguards» er arbeidstittlen.